



Lekdommarar i utvala for Bergen tingrett og Gulating lagmannsrett

INVITASJON TIL SAMLING FOR NYE LEKDOMMARUTVAL

01.01.2017 starta ein ny periode for lekdommarar i Bergen tingrett/Nordhordland tingrett og Gulating lagmannsrett. Frå same tidspunkt er Bergen tingrett og Nordhordland tingrett slått saman til ein ny større domstol; "nye" Bergen tingrett.

Vi ynskjer i samband med dette å invitere alle lekdommarar, spesielt dei heilt nye lekdommarane, til eit av følgjande informasjonsmøter på **Grand Hotel Terminus i Bergen, vis-a-vis jernbanen, Zander Kaaes gate 6:**

Måndag 23.01.2017 kl. 16:30 – 18:30
kl. 19:00 – 21:00

Tysdag 31.01.2017 kl. 13:00 – 15:00
kl. 16:30 – 18:30
kl. 19:00 – 21:00

Møta vil vare i om lag 2 timer – alle møta er identiske. Vi vil i møtet gjere greie for prosessen frå ein lekdommar blir trekt ut til dom er avsagt, og vil mellom anna komme inn på følgjande:

- Kva vervet som lekdommar inneber
- Gangen i ei straffesak
- Praktiske råd

Vi håpar at flest mogleg av lekdommarane våre har høve til å delta. Dette er likevel ikkje eit pålagt arrangement, reisegodtgjersle kan diverre ikkje påreknast. Påmelding kan skje via denne link; http://www.domstol.no/lekdommersamling_Bergen

Frist for påmelding: tysdag 17. januar.

Med venleg helsing

Arne Henriksen
sorenskrivar
Bergen tingrett

Magni Elsheim
førstelagmann
Gulating lagmannsrett